

Sentralbadet: Folkets litteraturhus



Sluttrapport for byggetrinn 1


2009-2011

Frå Sentralbad til Norges andre litteraturhus



Det gamle garderobebygget på Smelteverkstomta, Bygg 119 Sentralbadet, blei på rekordtid tatt i bruk som det andre litteraturhuset i Norge. Sidan 12. oktober 2011 har huset, til tross for at det enno ikkje er ferdigstilt, vore i full bruk på Litteratursymposiet dei siste tre åra - og elles når styret for stiftinga ser ei moglegheit for arrangement. På denne tida har huset vore arena for ei lang rekke minneverdige opplesingar, debattar, bokpratar og konsertar. Huset har fungert etter styrets intensionar om å vere ein lokal samlings- og møtestad for litteratur og debatt, og utnytte Odda og regionens eigne folk og ressursar i eit samspel med forfattarar og skribentar utanfrå.

Bakgrunn



Initiativet til eit litteraturhus i Odda er ein direkte konsekvens av, og vidareføring av, litteratursatsinga i Odda dei siste 12 åra. Sidan den spede forløparen til Litteratursymposiet i 2002, har satsinga auka jamt og trutt, og førte i 2009 til ei eksplosiv vekst i Litteratursymposiet, frå 3000 til 6000 publikum på eit år. I 2010 hadde symposiet for første gong fleire besökande enn det er innbyggjarar i Odda kommune, og i 2011 opplevde vi endå ein publikumsrekord med over 8000 besökande. Også dei to siste åra har symposiet oppslutnaden vore overveldande. Sett i forhold til innbyggjartal og omland er Litteratursymposiet no den mest besøkte litteraturfestivalen i landet. På få år har symposiet utvikla seg frå å vere eit lite lokalt arrangement til å bli ein nasjonal festival med omdømme som landets beste og mest særprega litteraturfestival. I løpet av 12 år har litteraturen blitt

ein av dei viktigaste merkevarene for Odda. Først og fremst gjennom Frode Grytten, som for alvor sette Odda på det litterære kartet med den moderne klassikaren *Bikubesong* i 1999.

Seinare har fleire Oddaforfattarar og skribentar markert seg nasjonalt: Lars Ove Seljestad, Marit Eikemo, Hallgeir Opedal, Knut Olav Åmås, Bjørn Ingvaldsen, mellom andre. Også nye forfattarstemmer har komme til dei siste åra, som ein delvis konsekvens av litteratursatsinga og Litteratursymposiet i Odda: Erlend G. Huus, Liv Eirill Evensen, Paal Elstad og Fredrik Stenhjem Hagen.

Mens vi ventar på litteraturhuset



Litteraturhuset begynte som eit privat initiativ frå oddaforfattarane Marit Eikemo og Frode Grytten, som hausten 2009 bad Odda kommunestyre om opsjon på Bygg 119 på Smelteverket. Opsjonen blei vedtatt i Odda kommunestyre før jul det året.

Restaureringsstentert i Odda (RiO) med arkitekt Gro Lavold utarbeidde på oppdrag frå initiativtakarane ein rapport med byggets historikk, teikningar og framdrift for restaurering og tilrettelegging for ny bruk. Kongstanken var at litteraturhuset i Odda skulle ta vare på og vise fram nokre av byggets opprinnelige funksjonar og samtidig romme fasilitetane til eit moderne litteraturhus. I Sentralbadet skulle det gamle og nye Odda møtas. Huset skulle virke samlande på den allereie store litteraturaktivitetene og generere ny merksemd og ny aktivitet.

Rapporten danna grunnlaget for søknadsarbeidet som umiddelbart blei satt i gang. Samtidig inviterte initiativtakarane til ope møte i Odda for orientering og diskusjon om litteraturhuset. Kva behov hadde dei ulike verksemndene for eit slikt hus i Odda – og korleis kunne dei eventuelt bidra til å realisere prosjektet? Tilbakemeldingane var svært positive, og vi kom raskt i dialog med lokale aktørar som ønska eit samarbeid. Biblioteket ønska å bruke Sentralbadet sine møte - og konferansefasilitetar, samt tilby utlånsfilial utanom bibliotekets eigne opningstider, LO i Indre Hardanger, Restaureringssenteret i Odda (RiO) og Prosjekt "Høgskoleundervisning i Hardanger", samt rockeklubben i Odda ønska eit samarbeid om bruk av møte – og undervisningsrom og arena. Kunstnarar som planlegg å etablere seg på tomta tok kontakt vdr utstillingsmuligheter i Sentralbadet. Ikkje minst ønska vi eit samarbeid med reiselivsnæringa velkommen, og sjølv sagt Norsk Vasskraft og- industristadmuseum, for å nemne nokre.

Huset skulle fungere som administrasjon, og som festivalkontor for Litteratursymposiet og eventuelt også for Blueslaget som er teknisk ansvarlig for gjennomføringa av symposiet. Det skulle romme arbeidsplassar for forfattarar, samt lyddusjar og leseavlukke for offentlig bruk. Huset måtte kunne drive seg sjølv som eit heilårs kulturhus med kommersiell drift av mellom anna ein bokhandel og kafé, generell kulturarena, konferansefasilitetar tilrettelagd for undervisning, møte og seminarverksemd, bibliotekfilial og utstillingsrom.

Eit enkelt kjøkken var teikna inn for enkel servering av mat og drikke i Bokkafeen. Vi var tidleg i dialog med Smelt kafe om eit samarbeid om denne delen av drifta – samt levering av mat til seminar, møte og konferansar. I staden for å konkurrere med etablerte tilbod, ville Sentralbadet få positive ringverknader for Smelt, som allereie representerer eit verdifullt tilskot til oddasamfunnet.

Vinteren og våren 2010 arrangert vi i samarbeid med Smelt ei rekke litteraturkveldar under vignetten "Mens vi ventar på litteraturhuset", ein forsmak på Litteraturhus i Odda. På desse arrangementa inviterte Marit Eikemo og Frode Grytten forfattarkollegaer til Odda og presentert dei for eit dedikert publikum på Smelt. Kjente forfattarar som Stig Holmås stod side om side med nye stjernesokt som Nils Henrik Smith. Norsk litteraturs grand old man, Einar Økland, stod på programmet saman med ein av Oddas nye forfattarar Erlend G. Huus. Litterære postkort frå Låtefossen, Solfonn Høyfjellshotell og Costa Blanca er døme på tema som trakk fulle hus på Smelt desse torsdagskveldane. Erlend O. Nødtvedt og Lars Ove Seljestad deltok på programmet om Norrøne mytar. Hardingfelespel og sniklansering av Frode Gryttens roman Saganatt var andre høgdepunkt frå programmet. På desse kveldane blei det lagt ut lister der folk teikna seg ivrig på til dugnadsarbeid.

Organisasjon, styre og støttespelarar

Etter fleire rundar med juridisk bistand og rådgjeving om ulike organisasjonsmodellar, blei stiftinga Sentralbadet litteraturhus etablert med følgjande føremål:

Stiftelsens formål er å formidle og stimulere til interesse for litteratur, lesing og offentlig ordskifte gjennom å etablere, eie og drive et litteraturhus i Odda.

Stiftelsen skal gjennom aktiviteter i Sentralbadet litteraturhus, som Litteratursymposium, seminar, debatter, opplesningskvelder, konserter, utstillinger, skrivekurs, skolebesøk, leirskole og lignende, inspirere til økt interesse for norsk og utenlandsk skjønn- og faglitteratur.


Stiftelsen skal gjennom litteraturhuset skape en møteplass som skal fremme interesse for litteratur og ordskifte, lokal industrihistorie, samt være en arena for alle kultur- og kunstuttrykk

Sentralbadets første styresamansetting såg slik ut:

Nina Kongtorp, styreleiar.
Marit Eikemo, repr for initiativtakarane
Guri Hefty, fritt oppnevnt medlem
Anne Oterholm, repr. for Forfatterforeningen
Chris Tvedt, fritt oppnevnt medlem
Toralv Mikkelsen, repr. for NVIM
Roald Aga Haug, repr. for Odda kommune.

November 2010 vedtok Odda kommunestyre å gi Bygg 119 Sentralbadet vederlagsfritt til stiftinga. Samtidig vedtok kommunen å gi 200 000 til stiftelseskapital. Tidlegare hadde Hordaland fylkeskommune gitt 1,5 millionar i støtte til byggetrinn 1. Fritt Ord har til saman gitt 1 500 000 og Kulturrådets Rom for Kunst har gitt 1725 000. Kulturminnefondet har gitt 650 000 kroner til fasaderestaurering, og Odda mållag har gitt 50 000. Huset hadde på kort tid generert nok midlar til at byggeprosessen kunne starte. Undervegs i arbeidet støtta Odda kommune prosjektet med ytterligare 1 million kroner.

Byggeprosessen



Byggetrinn 1 starta i slutten av juni 2011. I prosjektet var det kalkulert med ein betydelig dugnadsinnsats. Folk i Odda møtte mannsterke opp for å gi sitt bidrag til realiseringa av litteraturhuset. På dei første, hyppig arrangerte dugnadene kom så mange som 20-30 oddingar for å utføre grovarbeid som riving, meisling, høgtrykkspyling og fuing av fasade osv. Dugnadene blei administrert av RiO og styreleiar i Sentralbadet Nina Kongtorp. Dugnadsarbeidet genererte eit kolossalt lokalt engasjement for huset. Folk i alle aldrar møtte opp på dei annonserte dugnadene, bretta opp ermene, tok på seg støvmasker og stod på i fleire timer i strekk. Dei intense dugnadsøktene var avgjerande for realiseringa av byggetrinn 1. Dei var ikkje minst viktig for den forankringa huset tidlig fekk blant oddingane. Dei tok raskt eigarskap i det, og ønska å gi eit bidrag. At huset i så stor grad er tufta på dugnadsarbeid er i seg sjølv unikt, og gir Sentralbadet ein heilt spesiell identitet og lokal forankring, i tradisjonen etter arbeidarsamfunnet huset spring ut frå.



Frå slutten av juni til 12 oktober 2011 blei dette arbeidet utført.

Utvendig restaurering:

Taket blei tekka med 30 millimeter harde Rockwool-plater og armert papp, skrudd i taket og sveisa i skøytnane.





- Nye sinkbeslag rundt heile bygget.
- Høgtrykkspyling av bygget utvendig med vatn 120 grader / 200 bar trykk.
- Refuging av teglstein samt utskrifting av defekt teglstein.
- Restaurering av alle småruta vinduer frå 1908, med restaureringsglas, kitting og linoljemaling.
- Innsetting av to nye isolerte ytterdører, produsert etter teikning frå 1908, malt med linoljemaling.

Innvendig restaurering:

- 50% av mur/puss vart fjerna, kombinert med kjemisk malingsfjerning i A1, A2, A12 og B1.
 - Ny puss (kalkmørtel, kombinert med vannskuring i A1) og silicatmaling i A1 og A12.
 - Nye kvite fliser lagt i A11.

Bygningsmessige endringar:

- Gamalt betonggolv i A2 og A12 vart meisla opp og fjerna. Etter utskifting av massar og komprimering vart det lagt isolasjon, armering, varmeslynger, nytt avlaupsanlegg, ny vassledning, hovedkabel og trekkerøyr før støyping 100 millimeter nytt betonggolv. Golvet er mattslipt og impregnert med Litthurin.
- Alt gammalt elektrisk anlegg, inkl. kablar, kontaktar og armaturar (230V), delvis på dugnad.
- Det meste av gamle vassrøyr, avlaup og mekaniske og tekniske innretningar er fjerna. Noe vil kome på plass att som dekorasjonar i byggetrinn 2 (m.a. drikkevatnfontene).
- Himlingar i A2, A11 og A12 vart fjerna (delvis på dugnad).
- Hovedskap for el-anlegg i heile bygget kom på plass (400V) i A2.
- Bærande konstruksjonar i A12 vart forsterka med nye stålsøyler og dragar.
- Himlingane i A1 og A2 vart kledd med brannhemmende gipsplater, i A1 vart himlingen nedsenka for å gje plass til ventillasjonskanalar, varmerøyr til radiatorar, spotlys og ledningar til taklamper, samt trekkerøyr og koblingsboksar for framtidig teknisk utstyr (høgtalaranlegg, prosjektor, videooverføring m.v.).
- I A12 vart bjelkelaget og bærande stålkonstruksjonar malt med brannhemmende maling. Ventillasjonskanalar vart montert under taket. Rammeverket for himlingane er på plass, men blir ikkje kledd att før alle elektriske framføringar til byggetrinn 2 er utført.
- Gipsplater i tak A1 og A2 er sparkla og malt.
- Teknisk rom er bygd opp i A2, med felles tilkobling for VVS-anlegg og vassboren varme, samt framtidig datasentral.
- I A2 er både HC-toalett og to uni-toalett (framtidige dametoalett) på plass, med nye, malte dører og vaskar.
- Fundament for varmepumpe er støypt aust for bygget og varmepumpe montert.
- Spotlys, utelamper, lys på toalett og gang montert, samt brannvarsalarar.
- Det er montert slokkeslange, to pulverapparat og utarbeidd brannvernperm / instruks.



Offisiell opning av Sentralbadet litteraturhus



12. oktober 2011, Litteratsymposiets openingsdag: Arbeidsfolka rakk akkurat å legge frå seg verktøyet då folk begynte å strøyma til Sentralbadet for å vere til stade på den offisielle opninga av Norges andre litteraturhus. Kledd i arbeidsklede mingla dei saman med andre oddingar, samarbeidspartnerar og symposiegjester som alle var tilstade då huset formelt blei opna av Kulturrådets avdelingsdirektør Vibeke Mohr med kulturminister Anniken Huitfeldt til stade. Landets andre litteraturhus var formelt opna og hendinga blei sendt som eige innslag på NRK Dagsrevyen og Vestlandsrevyen i tillegg til at fleire andre nasjonale og lokale media dekte hendinga.



Det meste av byggetrinn 1 var ferdigstilt på rekordtid, og huset var for første gang i bruk som litteraturhus, som arena og samlingsstad, gjennom heile symposiet. Arbeidet hadde vore utført under sterkt tidspress, under ferieavvikling og med mykje nedbør som hindra framdrift på utvendig arbeid. Det hadde også dukka opp ein del uforutsette utfordringar som kravde raske avklaringar og tiltak. Dette medførte noko etterarbeid etter opninga: Malings – og monteringsabreibid og tilkopling av vassboren varme og mintering av raditorar. I tillegg blei trappa pussa og malt og tilnærma originalt linoleum blei lagt i trappetrinna.

Framdriftsplan

Basert på statusrapport pr. 1.november 2011 skisserte RiO eit forslag til vidare framdriftsplan:

1. Forsterkning av tak-konstruksjonane. Her blir ulike alternativ no vurdert.
2. Isolasjon under tak i B1, ny kledning (gips), sparkling og maling av tak og veggar B1.
3. Utbetring av linoleumsfliser i golv B1 og setje siderom til B1 i stand (lager for stolar).
4. Maling av to trapper frå A1 til B1.
5. Lys og varme i B1.
6. Montering av HC-heis.
7. Montering av teknisk rom for ventillasjonsaggregat og trinnvis utbyggjing av ventillasjonsanlegget.
8. Fullføring av gang og toalettanlegg i 2.etasje.
9. Fullføring av tak A11 og A12 og montering av anretningskjøkken i A11 og kafe i A12.
10. Opprustning av pissoiren (A3) og herretoaletta.
11. Utbyggjing av B4 (stort rom i 2.etasje sør) som B1.
12. Utbetre trappeflopp frå B4 og ny ytterdør 1.etasje mot aust.
13. Byggje ut kontordelen i 1.etasje sør (inkludert nytt vindu og ny dør produsert etter 1908-årgang).
14. Utforme lyd-dusjar og bok-biblio i dusjanlegga i 1. og 2.etasje.
15. Montere glas-vegg i B1 mot trappeflopp ned til A1.
16. Montering av diverse tekniske innretningar (høgtalaranlegg, utstyr for presentasjoner og videooverføringer), kjøkkenutstyr, datautstyr, møblement og dekorasjonar.

Både RiO og styret i Sentralbadet var einige om at det uansett tidspunkt for ferdigstilling er viktig at det engasjementet som hadde vore vist rundt prosjektet, med stor arbeidsiver, fantastisk dugnadsånd og gode tilbakemeldingar frå alle hald, blir halde oppe.

Samtidig med at ei rekke søknader blei sendt, både til ferdigstilling av huset og til drift, arrangerte styret i februar 2012 ein litterær dugnad til inntekt for huset. Det var eit storstilt arrangement som varte heile ettermiddagen og kvelden. Forfattarane stilte gratis til inntekt for huset, og programmet trakk fullt hus frå tidlig ettermiddag til seint på natt. Den litterære dugnaden samla inn 30 000 kroner.

Oppsummering og status

Arbeidet med Sentralbadet litteraturhus har vore eit dugnadsbasert privat initiativ, som til no har generert 6,4 mill. kroner til Litteraturhuset og oddasamfunnet. Odda og heile regionen har fått ei litterær storstue og ein spennande samlingsstad, som allereie før det er ferdig bidrar til vekst og nyskaping innan litteratur og kultur på Smelteverkstomta. Samtidig sikrar vi og tar vare på eit av Oddas viktige kulturminne. At oddaforfattarar sjølv har vore pådrivarar og involverte i prosjektet heilt frå byrjinga, er avgjerande for litteraturhusets omdømme som eit lokalt og nasjonalt ikon for norsk samtidslitteratur. Like viktig er det at litteraturhuset har den nødvendige lokale forankringa og entusiasmen som mangfaldige dugnadstimar er eit tydelig prov på .



Til tross for ein eventyrlig start for litteraturhuset, som mange instansar og institusjonar har støtta med midlar og arbeidskraft/dugnad, har det tatt tid å skaffe dei siste midlane som er nødvendig for å kunne ferdigstille huset. Det er no svært viktig for styret i Litteraturhuset - og mange med oss i Odda - at Litteraturhuset omsider blir fullført, slik at vi kan få til normal drift av huset, og føre vidare den suksessen og entusiasmen som huset har generert sidan planane først blei lansert i oktober 2009. Eit ferdigstilt hus i full drift vil også vere eit naturlig utgangspunkt for ny næringsutvikling i Odda og regionen der kunnskap og litteratur står i sentrum.

Med Sentralbadet litteraturhus som ein helårsarena for litteratur, kunnskap og debatt i denne regionen, vil utviklinga og veksten kunne fortsette.

Det er tidligare inngått intensjonsavtale med Stiftinga for høgskoleutdanning i Hardanger om leige av undervisningslokal i 2. etg. mot sør i Sentralbadet. Pr i dag er det ca 60 studentar som bruker Næringshagen og Vaksenopplæringa sine lokal, men det er potensial til langt fleire. Stiftinga for høgskoleutdanning har driftstilskot frå Odda kommune og ønskjer å kunne tilby studentane undervisningslokal sentralt i Odda, med Sentralbadet som førsteval. Planane for ei slik innflytting har dessverre blitt utsatt ettersom huset ikkje har vore i stand til å tilby eigna lokal. Dei planlagde undervisningslokalna ligg i den fløyen som tilhøyrer byggetrinn 2, mens den ferdigstilte delen er bygd for, og må vere disponibel for offentlige arrangement. Vi håper at ein slik leigeavtale vil kunne tre i kraft i 2014. Ein langsigktig leigeavtale med Stiftinga for høgskoleutdanning i Hardanger vil gi forutsigbarheit og føre til at huset blir fylt med daglig aktivitet som er i tråd med husets profil.

Eit punkt som i dag gir grunn til optimisme på vegne av Sentralbadet litteraturhuset er Odda kommune si satsing på huset gjennom løyingar for 2014. Det dreier seg om 350 000 kroner til investeringar i bygget, samt en tretti prosent administrativ stilling som gjør det mulig å forestille seg ei meir ordinær drift av huset enn tidligere.

Restaureringen av huset er godt over halvvegs. Fasaderestaureringa er gjennomført og store deler av byggetrinn 1 og mye av byggetrinn 2. Prisen på restarbeid i byggetrinn 1 og 2 blei i 2011 estimert til ca 1,7 mill. kroner. I tillegg til ferdigstilling av byggetrinn 1 og 2 gjenstår arbeidet med HC-heis og ventilasjonsanlegg. Også dette med eit prisestimat på ca. 1,7 mill. Til dette siste arbeidet har vi så langt mottatt 500000 frå Hordaland fylkeskommune. Desse midlane er enno ikkje brukt. Samla treng altså litteraturhuset omlag 3 millionar kronar for å kunne bli heilt ferdig. Når vi veit at huset allereie har klart å reise 6,4 millionar kroner, burde ikkje dette vere umogeleg! Søknadsarbeidet pågår med andre ord for fullt i styret.

Vedlegg:
Resultatoversikt Byggetrinn 1

Odda, mars 2014
v/ Styret i Sentralbadet i Odda

